

**Kartlegging av kulturminne og landbruks- og
turismertilatert næring inne i, og i randsona av
Jostedalsbreen nasjonalpark**

Utarbeida av Utmarksressurs AS ved Steinar Lund

Om rapporten

For kvart tema der vi har henta inn info frå databasar er "rådata" vist til gjennom lenkjer i sjølve teksten. Det er difor viktig at excel-arka som det er lenkjer til i teksten blir lagra på same mappa som rapporten. Kart og rapportar er nummererte vedlegg til rapporten.

Rapporten dekker fylgjande tema:

[Kulturminne](#)

[Kulturlandskap](#)

[Friluftsliv](#)

[Natur](#)

[Næringsverksemd](#)

Kulturminne

Automatisk freda kulturminne

Databasen Askeladden inneheld alle verna kulturminne i Noreg. Dei er delt inn i kategoriene lokaliteter og kulturmiljø. Kategorien kulturmiljø er ikkje aktuell i områda i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Lokalitetar er vidare delt inn i "arkeologiske minne", "bebyggelse-infrastruktur" og "kirkested". Av desse er det berre kategorien arkeologiske minne som er aktuell for Jostedalsbreen nasjonalpark og dei kringliggjande områda. Det er registrert 18 arkeologiske minne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Av desse er det truleg ein feilregistrering (ein funnstad på Eidsvoll som har fått feil koordinat, og difor har hamna i Jostedalsbreen nasjonalpark). Så altså 17 arkeologiske kulturminne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Oversikt over desse ligg [her](#).

Vedlegg 1 Arkeologiske minne i Jostedalsbreen nasjonalpark

SEFRAK

SEFRAK er eit register over alle eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg. Alle bygningar frå før år 1900 er registrert. Automatisk freda kulturminne er ikkje registrert i SEFRAK. Det er 24 bygningar i SEFRAK-registeret i Jostedalsbreen nasjonalpark. Alle er knytt til stølsdalane i Stryn kommune. Oversikt over desse ligg [her](#).

Vedlegg 2 SEFRAK i Jostedalsbreen nasjonalpark

Andre kulturminne

På Fylkesatlas.no ligg det fleire datalag som kan vere av interesse for forvaltninga av nasjonalparken. Blant anna er det ei oversikt over alle stølar i Sogn og Fjordane frå ei registrering i 1930-åra. Innanfor nasjonalparksgrensa er det registrert 17 stølar. Oversikta over desse ligg [her](#).

Vedlegg 3 Stølar i Jostedalsbreen nasjonalpark

Andre kulturminne som ikkje tidligare er registrert i databasar

Av spor etter bruk av områda langt tilbake i tid, som ikkje tidligare er registrert i databasar, har eg fått høre om nokre få ting. Einar Ese, som har registrert dyregraver, bogastille mm i områda rundt Jostedalen, har kome med nokre opplysningar. Generelt kan han opplyse om at det er få spor etter tidligare bruk av områda vest for Jostedalen, sidan det har vore lite rein der. Odd Arne Myklemyr har fortald han om nokre "mystiske" murar innover frå Hompedalen. Sverre Fossen mfl. har fortalt om noko liknande vest for Vassdalen (dette kan vere snakk om det same funnet). Sverre Fossen skal vite om "bjønnajilje" (sjølvskot for bjørn) eit par plassar. Elles kan ein rekne med å finne lagerplassar for reinlav/mose, som dei drog heim om vinteren som for til dyra.

Kulturlandskap

Regionalt viktige kulturlandskap

I prosjektet "nasjonal registrering av kulturlandskap" i 1993 er det registrert lokalt, regionalt og nasjonalt viktige kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Det er registrert 10 nasjonalt og 50 regionalt viktige kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Storesætra i Stryn er registrert som eit regionalt viktig kulturlandskapsområde. Det er registrert 441 lokalt viktige kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Fleire av desse ligg like utanfor grensa til nasjonalparken. Registreringane blei samla i rapportar frå kvar kommune. Vedlagt er rapportane for kommunane Jostedalsbreen nasjonalpark ligg i, samt ein rapport med oversikt over dei regionalt og nasjonalt viktige lokalitetane. Dei lokalt viktige lokalitetane som ligg nærmest nasjonalparken er vist i eige vedlegg.

Vedlegg 4 Lokalt viktige kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Vedlegg 5 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune

Vedlegg 6 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gloppen kommune

Vedlegg 7 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Jølster kommune

Vedlegg 8 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Førde kommune

Vedlegg 9 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Balestrand kommune

Vedlegg 10 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune

Vedlegg 11 Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune

Vedlegg 12 Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane - Prioriterte område

DYLAN

DYLAN (Dynamiske landskaper) var eit forskingsprosjekt der arkeologar, historikarar, etnologar, vegetasjonshistorikarar og økologar samarbeida for å forstå korleis arealbruksformar har forma landskap og vegetasjon. Erdalen og Sunndalen i Stryn er eit av områda forskingsprosjektet har omfatta. Konkrete resultat av forskingsprosjektet som er relevant for Jostedalsbreen nasjonalpark er først og fremst rapporten "*Landskapsvernombaner 2030 - Strategisk dialogprosess med aktive brukere fra fire landskapsvernombaner i fjellet*". Rapporten tek for seg problemstillinga rundt korleis ein skal forvalte natur- og kulturarv i fjellet, i lys av at endringa i arealbruksformar har vore dramatisk dei siste tiåra.

I 2009 og 2010 blei det gjort feltarbeid i Erdalen, konsentrert rundt Erdalsetra og Vetledalsetra. Feltarbeidet omfatta biomangfold, kulturminne frå nyare tid, arkeologi og vegetasjonshistorie. Resultata frå feltarbeidet er presentert i rapporten "*Ecology and long term land-use, palaeoecology and archeology - the usefulness of interdisciplinary studies for knowledge-based conservation and management of cultural landscapes*". Rapporten gjer greie for historisk bruk, og drøftar framtidig forvaltning av området. Undersøkingane viser at vegetasjonen har endra seg som eit resultat av endringane i menneskeleg påverknad gjennom historia. Det er utfordrande å kome med konkrete anbefalingar til dagens forvaltning, sidan menneskeleg påverknad i området har variert opp gjennom

historia, og det er difor vanskelig å finne ein måte å forvalte området på som tek vare på landskapet i ein spesifikk tilstand. Rapporten anbefalar at ein prøver å få til meir variert beitebruk i området. I dag er landskapet prega av at det er stort sett kyr som beitar i dalen. For å auke diversiteten i habitat vil det vere ein fordel om det i tillegg er sau og geit på beite i dalen. Ein annan type tradisjonell bruk som ein med fordel kan starte oppatt med er å slå gras til høyproduksjon.

Vedlegg 13 Landskapsvernområder 2030 Dylan-prosjektet


Vedlegg 14 Ecology and long term land-use, palaeoecology and archeology - the usefulness of interdisciplinary studies for knowledge-based conservation and management of cultural landscapes

Landbruk

Frå landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har eg fått tilsendt tal dyr på beite i Jostedalsbreen nasjonalpark i perioden 2005-2012. Tala er basert på tilskotsordninga for beite i verneområde. Det var berre mogleg å hente ut tal spesifikt for Jostedalsbreen nasjonalpark fram til 2012, så eg manglar tal for 2013. Det er ikkje skild ut kva dyr det er snakk om, så sau, kyr og geit er blanda saman. Inndelinga som er presentert under er på kommunenivå. Det hadde vore ein fordel å fått delt det inn i dei ulike bygdene rundt nasjonalparken, men dette er vanskelig å få til så lenge tala frå Fylkesmannen er fordelt på grunneigarar, og ikkje bygdevis.

Tabell 1. Tal dyr det er søkt om tilskot for beite i Jostedalsbreen nasjonalpark i dei ulike kommunane

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Sogndal	312	411	431	465	401	457	556	619
Luster	2705	2969	3100	2983	3135	3226	3256	3176
Jølster	1902	1888	1839	1586	1537	1578	1625	1584
Førde	944	930	999	998	1133	1382	1257	1172
Stryn	2724	2964	3026	3086	3150	3187	3146	2780
Totalt	10592	11168	11402	11126	11365	11840	11851	11343



Figur 1. Tal dyr på beite det er søkt om tilskot til i Jostedalsbreen nasjonalpark i perioden 2006-2012.

Vedlegg 15 Tal dyr på beite i Jostedalsbreen nasjonalpark 2005-2012

Friluftsliv

FRIDA (lokalt viktige friluftsområde)

Lokalt viktige friluftsområde (FRIDA) er registrert kommunevis i heile Sogn og Fjordane. 10 lokalitetar ligg heilt eller dels innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette er eit gammalt register som har liten relevans i dag. Likevel viser det kva for nokre område kommunane har vurdert som dei viktigaste friluftsområda. Lokalitetane er vist i kart i vedlegg.

Vedlegg 16 FRIDA i Jostedalsbreen nasjonalpark

Turlaga sin aktivitet

Turistforeininga har merka sommarstiar fire stadar innanfor nasjonalparken. Det er stien til Skålåtårnet, Oldeskaaret til Haugadalen, stien til Flatbrehytta og Supphelledalen via Snauedalen til Veitastrond. I tillegg er stien opp Lundeskaret merka til grensa for nasjonalparken.

Det ligg åtte hytter i nasjonalparken som fungerer som turisthytter eller nødbuer (tabell 2). Nokre av dei er privateigde.

Tabell 2: Turlagshytter og nødbuer i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Hytte	Eigar	Type hytte
Skålåtårnet	Bergen Turlag	Sjølvbetjent
Flatbrehytta	Privat	Sjølvbetjent
Vetledalsseter	Indre Nordfjord Turlag	Ubetjent
Bødalsseter	Privat	Ubetjent
Infimus (ved foten av Erdalsbreen)	Indre Nordfjord Turlag	Nødbu, ubetjent
Flatsteinbu (mellan Kvamsdalen og Brenndalen)	Privat	Nødbu, ubetjent
Jarbu	Privat	Nødbu, ubetjent
Kvannebakkbu (Kvannebakkovi)	Privat	Nødbu, ubetjent

Vedlegg 17 Turlagshytter og merka sommarstiar i Jostedalsbreen nasjonalpark

Natur

Edna

EDNA er eit register som inneheld område med spesielle naturkvalitetar. Dette registeret er for det meste erstatta av Miljødirektoratet sin naturbase i dag, men her er ein del lokalitetar med særskild lokal tilknyting som ikkje er tatt med i naturbasen. Dette er tildels eldre data og det er ikkje ei fullstendig oversikt. Heilt eller delvis innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark er det 26 lokalitetar i EDNA-registeret. Oversikta over desse ligg [her](#).

Vedlegg 18 EDNA i Jostedalsbreen nasjonalpark

Naturtypar

Det er gjort registreringar av lokalitetar med viktige naturtypar, etter metoden i [DN-håndbok 13](#), i alle kommunane rundt nasjonalparken. Lokalitetane er delt inn i kategoriane lokalt viktig, viktig og svært viktig. Det er nokre lokalitetar i nasjonalparken (tabell 3), men fleire ligg like utanfor nasjonalparksgrensa. Alle lokalitetane i nasjonalparken og i tilliggjande område er vist i tabell 4. Faktaark for alle naturtypane er samla i vedlegg 20.

Tabell 3. Registrerte lokalitetar med viktige naturtypar i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Lokalitet	Naturtype	Verdi
Tverrelvfossen	Fossesprøytssone	Viktig
Storsetra	Naturbeitemark	Viktig
Bødalsetra	Naturbeitemark	Viktig
Bødalsbreen - framfor	Kalkrike område i fjellet	Svært viktig
Briksdalsbreen - brefronten	Sør vendte berg og rasmarker	Viktig
Strupen	Kalkrike område i fjellet	Viktig
Langedalen	Sør vendte berg og rasmarker	Svært viktig
Breasandane	Stor elveør	Viktig
Fåbergstølsgrandane	Stor elveør	Svært viktig

Tabell 4. Registrerte lokalitetar med viktige naturtypar i Jostedalsbreen nasjonalpark og områda rundt.

Lokalitet	Naturtype	Verdi
Tverrelvfossen	Fossesprøytssone	Viktig
Storsetra	Naturbeitemark	Viktig
Bødalsetra	Naturbeitemark	Viktig
Bødalsbreen - framfor	Kalkrike område i fjellet	Svært viktig
Briksdalsbreen - brefronten	Sør vendte berg og rasmarker	Viktig
Sunndalen	Slåttemark	Svært viktig
Sunndalslia	Høstingsskog	Viktig
Åremarka	Slåttemark	Viktig
Huldrefossen, Bødalsseter	Fossesprøytssone	Viktig

Kjenndalen nord	Rik edellauvskog	Viktig
Kjenndalen - flommarkskog	Gråor-heggeskog	Viktig
Kjenndalen - sørvest	Rik edellauvskog	Viktig
Briksdalselva - slåtteteig	Slåttemark	Svært viktig
Kleivane	Hagemark	Viktig
Prestestøylen	Intakte høgmyrer	viktig
Fonn	Naturbeitemark	Lokalt viktig
Strupen	Kalkrike område i fjellet	Viktig
Befringsstølen	Naturbeitemark	Lokalt viktig
Grøningsstølsvatnet	Deltaområde	Viktig
Botnekvia	Slatte- og beitemyr	Lokalt viktig
Mudalsdalen	Rik edellauvskog	Viktig
Supphelledalen - aust	Gråor-heggeskog	Svært viktig
Supphelledalen - vest	Naturbeitemark	Lokalt viktig
Anestølen nord	Beiteskog	Viktig
Anestølen	Deltaområde	Viktig
Yndesdalen	Rikmyr	Svært viktig
Løkjafjellet - Blånov	Sørvendte berg og rasmarker	Lokalt viktig
Eldedalen	Sørvendte berg og rasmarker	Svært viktig
Langedalen	Sørvendte berg og rasmarker	Svært viktig
Breasandane	Stor elveør	Viktig
Vårstølen	Naturbeitemark	Lokalt viktig
Fåbergstølsgrandane	Stor elveør	Svært viktig
Viva	Andre viktige førekommstar	Svært viktig

Vedlegg 19 Naturtypar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark

Vedlegg 20 Faktaark for naturtypar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark

Utvalde naturtypar

Utvalde naturtypar er naturtypar som er særskild viktige for biologisk mangfald. Dette er naturtypar som er særskild artsrike, er levestad for artar som er på raudlista eller har ein spesiell funksjon for enkelte artar. Kongen i statsråd bestemmer kva for nokre naturtypar som får status som utvalde naturtypar. Dei utvalde naturtypane er slåttemark, slåttemyr, hule eiker, kalklineskog og kalksjøar. Naturtypelokalitetane Briksdalselva (slåtteteig/mark), Åremarka (slåttemark) og Sunndalen (slåttemark) er utvalde naturtypar i nærleiken av Jostedalsbreen nasjonalpark. Naturtypane har ei eigen [forskrift](#).

Vedlegg 21 Faktaark for utvalde naturtypar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark

Raudlista artar

Artsobservasjoner.no er eit register der kven som helst kan legge inn observasjonar av artar. Ein gjennomgang av registeret viser at det ikkje er registrert raudlista artar innanfor nasjonalparken. Det

betyr ikkje at det ikkje finns raudlista artar innanfor nasjonalparken, men det kan tyde på at det er gjort lite kartlegging i nasjonalparken i nyare tid.

Framande artar

Framande artar er artar som er spreidd ved hjelp av menneskeleg aktivitet til område der dei ikkje høyrer heime. Nokre av dei er ein trussel mot naturmangfaldet i Noreg. Artar som er vurdert som framande artar blir plassert i fem ulike risikokategoriar basert på invasjonspotensial og økologisk effekt (tabell 5).

Tabell 5. Kategoriar av framande artar.

Kategori	Kriterie
Svært høg risiko	Sterk negativ effekt på norsk natur
Høg risiko	Stor spreiing med ein viss økologisk effekt, eller stor økologisk effekt med ein avgrensa spreiing
Potensielt høg risiko	Svært avgrensa spreiingsevne, men stor økologisk effekt - eller omvendt
Låg risiko	Låg eller moderat spreiing og middelt til svak økologisk effekt
Ingen kjent risiko	Ingen kjent spreiing og ingen kjente økologiske effektar

Det er registrert fem artar innanfor nasjonalparken. Dette er trollheggmjøldogg (låg risiko), skogforglemmegei (potensielt høg risiko), tunbalderbrå (låg risiko), filterve (svært høg risiko) og mink (svært høg risiko). I tillegg er det fleire registreringar av framande artar like utanfor nasjonalparkgrensa. Oversikt over alle registreringar i og i nærleiken av nasjonalparken ligg [her](#).


Vedlegg 22 Framande artar i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark

Næringsverksemd

Besøkstal for nasjonalparksentra

Tabell 6. Besøkstal for Jostedalsbreen nasjonalparksenter og Norsk Bremuseum

	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Jostedalsbreen nasjonalparksenter	14455	18486	19125	19987	14021	12202	12534	17130	17980	33712	35312	37281	36030	33829	31891	29406	36719	37020	37785	57458	75278
Norsk Bremuseum & Ullveit-Moe senter for klimaviten													47530	45630	53265	45839	38365	43090	47300	46500	49300



Figur 2. Besøkstal for Jostedalsbreen nasjonalparksenter og Norsk Bremuseum.

Reiselivsrelatert næring knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark

Etter ein gjennomgang hos destinasjonsselskapa og sok på nett har eg kome fram til oversikta i tabellen under av reiselivsrelatert næring knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark (tabell 7).

Tabell 7. Reiselivsrelatert næring knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark fordelt på firma og lokalitetar.

Firma	Aktivitet	Stad
Bre og Fjell	Brevandring	Haugabreen, Stardalen
	Jostedalsbreen på langs	
	Brekurs	Flatbreen
Briksdal Adventure	Tur til Briksdalsbreen	Briksdalsbreen
	Trollbil til Briksdalsbreen	Briksdalsbreen
	Brevandring	Bødalsbreen
	Brevandring	Brenndalsbreen
	Guida tur	Huaren

	Guida tur	Brenndalen
	Guida tur	Kvamsdalen - Flatsteinsbu
	Padling	Vatnet under Briksdalsbreen
Uteguiden AS	Brevandring	Lodalskåpa
	Guida tur	Skåla
	Guida tur - topptur	Diverse mål, nokon truleg i nasjonalparken
Icetroll	Båttur og brevandring	Styggevatnet, Austdalsbreen
	Kayak	Styggevatnet
	Kayak, brevandring	Styggevatnet, Austdalsbreen
	Kayak, brevandring	Styggevatnet - Austdalsbreen - Rundeggi
	Kayak, brevandring	Tunsbergdalsvatnet, Tunsbergdalsbreen
	Kayak, brevandring	Tunsbergdalsvatnet, Tunsbergdalsbreen
	Kayak, brevandring	Nigardsbrevatnet, Nigardsbreen
Fjærland kayak & glacier	Brevandring	Haugabreen
	Brevandring	Flatbreen
Leirdalen bre og juv	Brevandring	Tunsbergdalsbreen
	Juvings	Leirdøla
Jostedalen breførarlag	Brevandring	Nigardsbreen
	Brekurs	Tuftebreen, Fåbergstølsbreen, Nigardsbreen
	Alpinkurs	Nigardsbreen - Steinmannen
	Josten på langs	Fåbergstølen til Flatbrehytta
Sogndal Lodge & Guiding	Josten på langs	Fåbergstølsbreen-Høgste Breakulen-Flatbrehytta

Ferdelsregistrering

SNO har hatt ferdselsteljarar ved nokre innfallsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark frå 2009. Dette er Bødalsseter, stien til Skålatårnet, stien til Brevasshytta og i Austerdalen (Veitastrond).


Ferdselsteljaren på Bødalsseter og stien til Skålatårnet var berre i bruk i 2009. Resultata frå 2009 er presentert i rapportar frå kvar enkelt lokalitet (vedlegg 23-26). Tal frå teljarane i 2009 og 2010 i Austerdalen og Brevasshytta er presentert under. Ein feil på teljaren på stien til Brevasshytta i 2010 gjorde at det ikkje blei gjort registreringar 1.-6. i kvar mnd. Tala er difor ikkje direkte samanliknbare med 2009.

Tabell 8. Tal frå ferdselsteljar på stien til Brevasshytta i 2009 og 2010.

Veke 29-41	Brevasshytta samla	Brevasshytta inn	Brevasshytta ut
2009	56422	28711	27711
2010*	51077	26197	24880
2010 +20%	61292	31436	29856
* Feil på teljaren gir 0 registreringar 1.-6. kvar mnd. Det utgjer 20% av dagane.			

Tabell 9. Tal frå ferdselsteljar i Austerdalen i 2009 og 2010.

Veke 29-40	Austerdalen samla	Austerdalen inn	Austerdalen ut
2009	2480	2088	391
2010	3086	1603	1483



Figur 3. Tal frå ferdselsteljar i Austerdalen i 2009 (veke 29-40) og 2010 (veke 26-41).

Vedlegg 23 Data frå ferdselsloggar Brevasshytta 2009

Vedlegg 24 Rapport tellerdata - Bødalsseter 2009

Vedlegg 25 Rapport tellerdata - Skåla 2009

Vedlegg 26 Data frå ferdselslogger Veitastrond - 2009

Vedlegg 27 Ferselsteljar Austerdalen 2009-2010

Vedlegg 28 Ferselsteljar Brevasshytta 2009-2010